



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
25.10.2013	63936/2013	Johnny Loen

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Fylkesutvalet	25.11.2013

### **Framlegg til endringar i plan- og bygningslova (pbl)- fråsegn til høyring**

Vedlegg: Høyringsbrev datert 9.9.2013

#### **Bakgrunn**

Miljøverndepartementet har sendt til høyring eit forslag om endringar i plan- og bygningslova. Høyringsfristen er 9.12.13. Høyringsbrevet er oversiktleg og kort og gjer godt greie for forslaget.

I mellomtida er ansvaret for plandelen i plan- og bygningslova flytta frå Miljøvern-departmentet til Kommunal- og regionaldepartementet (som frå nyttår endrar namn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet).

#### **Vurdering**

Forslaget inneber tre substansielle endringar som alle har som føremål å effektivisere planprosessar. Dette gjeld den såkalla "femårsfristen" for gjennomføring av private reguleringsplanar, opning av heimel for føresegn vedrørende krav om konsekvensutgreiing, og innføring av tidsfristar i fleire prosessledd (enn før).

#### Femårsregelen:

Eit stort fleirtal av detaljreguleringsplanane vert gjennomført i privat regi. Reglane om frist for gjennomføring har som føremål både å sikre at reguleringsplanar er realistisk gjennomførbare, og å sikre at ein ikkje gjennom privat planlegging kan "okkupere" areal over lang tid og såleis legge hindringar for anna, ønska utvikling. Ut frå fylkesrådmannen sine erfaringar synest fem år likevel å vere i knappaste laget. Dette først og fremst fordi at også private regulantar kan ha langsiktige perspektiv som trass i ønsket om ein, samla reguleringsprosess, bør utviklast trinnvis. Dette er vanskeleg med dagens regel. Fylkesrådmannen stør derfor forslaget om utviding til ti år.

Vi stiller likevel spørsmål om dette bør skje som "mindre endring" av plan med heimel i § 12-14. Jamfør denne paragrafens siste ledd skal framlegg om mindre endringar leggest fram for "berørte myndigheter, og eierne og festerne...". I forståinga av dette ligg også at eventuelle merknader gir grunnlag for å fastslå at endringane ikkje er å sjå som "mindre". Etter vår vurdering bør fristforlenging ikkje heimlast i denne paragrafen men i ein eigen lovpassus. Dagens heimel krev ingen høyring og vi ser ingen grunn til å krevje det så lenge fristen er innanfor ti år.

Føresegn vedrørende konsekvensutgreiingar (KU):

Den føresegna som no gjeld om konsekvensutgreiingar, har rot i §§ 4-1 og 14-2 i pbl. Ho er internasjonalt tilpassa, og er etter måten grei å forhalde seg til når det gjeld kva tiltak og planar som utløyser krav om KU. Når det gjeld form og innhald i KU er det likevel slik at forskrifta har teke utgangspunkt i store, kompliserte saker, og ikkje er godt tilpassa dei mange mindre prosjekta som også fell innanfor KU-kravet. Ei ny føresegn som lempar på kravet vedrørende mindre saker, vil derfor vere gunstig både for tiltakshavarar (kostnad, arbeidsomfang) og for forvaltinga (av same årsaker). Det basale kravet om tilstrekkeleg kunnskap før avgjerd vil sjølv-sagt gjelde uansett. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til at det vert opna for ein slik heimel. Komande føresegner vert venteleg sendt høyring i eigen prosess.

Fristar:

Tre nye fristar er foreslått. To av desse fell på kommunen, og bør vere uproblemat-iske (om slutthandsaming etter offentleg ettersyn, og om oversending av vedtak). Den siste fell på Fylkesmannen og gjeld oversending til departementet når uavklarte motsegner ligg føre. Fylkesrådmannen stør forslaget.

Det er som saksopplysing i høyringsbrevet også nevnt at departementet (her MD) har interne mål om sakshandsamingstid innanfor 8 månader, og at ein skal varsle dersom fristen må oversittast. Både for kommunar og regionale etatar er det greit med slike signal. Vi har røynsle for at det i nokre saker tidlegare har gått vesentleg lenger tid, noko som i enkelte tilfelle også kan ha privatøkonomiske og privatretts-lege følgjer. Det må vere grunn til å stille spørsmål om kvifor ikkje desse fristane kan lovfestast.

Andre tilhøve:

Dei foreslåtte endringane vil føre med seg behov for redaksjonelle endringar andre stader i lova. Desse endringane har ikkje materielt innhald.

**Forslag til vedtak:**

Fylkesutvalet stør forslaget om lovendringar slik det er fremma, og viser til at dette vil vere tenleg både for private tiltakshavarar og for forvaltinga lokalt og regionalt.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef